

## Forskrift om skuledemokratiet og skulereglar for grunnskulane i Øystre Slidre kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Øystre Slidre kommune den xx.xx.2024 med heimel i Opplæringslova §10-7.

Skulereglane inneheld:

- Organisering av skuledemokratiet
- Elevane sine rettigheter og plikter
- Reglar for orden og åtferd
- Tiltak ved brot på skulereglane og handsaming av desse sakene

### §1 FORMÅL

Alle elevane og tilsette i skulen i Øystre Slidre skal oppleve eit trygt, inkluderande og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring (oppl. §12-2).

Skulereglane skal bidra til å skape ein god felleskap mellom elevar, føresette og alle tilsette i skulen.

### §2 SKULEDEMOKRATIET (Oppl. §10-4 og 10-5)

Skulen skal sørge for at elevar og foreldre får vera med å påverke planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda til skulen. Her gjeld mellom anna skulemiljø, kvalitetsvurdering av opplæringa og fastsetting av skulereglar. Skulen skal oppmuntre og hjelpe elevane til å delta i skuledemokratiet.

Alle skulane skal ha:


- **Elevråd** vald av elevane på skulen

Elevrådet barneskulane er sett saman av ein representant og ein vara frå 4., 5., 6. og 7. klasse.

2. og 3. kl har med elevar for å lære. Det rullerer i løpet av året. Dei tek med saker inn i elevrådet og informere klassane frå elevrådet.

Representanten frå 7. kl tek med saker til elevrådet og informere frå elevrådet til 1.kl .

Elevrådet på ungdomsskulen er sett saman av ein representant og ein vara frå kvar klasse.



Alle elevråda vel leiar og nestleiar.

- **Arbeidsutval** vald av føresette på skulen

Arbeidsutvalet er sett saman av ein leiar, ein representant og ein vara frå kvar klasse. Leiar blir vald kvart år, leiar kan bli gjenvald. FAU ved skulane har egne vedtekter som styrer val av FAU. Her med mellom anna kor lenge dei ulike representantane sit i FAU, bortsett frå leiar.

Elevane og føresette kan velje å organisere seg på anna måte. Da skal dette bli fastsett i skulen sine egne skulereglar.

- **Samarbeidsutval**

Samarbeidsutvalet er sett saman av representantar elevar, foreldre, politikarar, tilsette og leiinga ved skulen. Samarbeidsutvalet er rådførande organ mellom anna i saker om større endringar i organisering av skulen, og saker om elevane sitt skulemiljø. Saker som omhandlar einskildelevar skal ikkje behandlast her. Elevane deltek ikkje i saker som er omfatta av lovfesta teieplikt. Rektor er sekretær i møta. Representantar frå kultur og fritidsaktivitetar i kommunen kan bli invitert inn i enkeltsaker der det er ynskeleg.

- **Kommunalt samarbeidsutval**

Ein gong i året er det kommunalt samarbeidsutval der samarbeidsutvala frå kvar skule møtast for å drøfte overordna tema for skulane. Kommunalsjef er sekretær i møtet.

Samarbeidsutvalet har minimum fire møter i året inkludert det kommunale møtet.


## §3 KVEN SKULEREGLANE GJELD FOR

Reglane gjeld for deg som elev ved grunnskulane i Øystre Slidre kommune.

## §4 KVAR SKULEREGLANE GJELD

Skulereglane gjeld

- på skulen sitt område i skuletida.
- på veg til og frå skulen, og på bussen.
- på alternativ opplæringsarena.



- i aktivitetar som er knytt til skulegangen din utanfor skuleområdet.
- på leirskule.
- ved bruk av skulen sin digitale infrastruktur i og utanfor skuletid. Dette gjeld både ulike digitale opplæringsmiddel og programvare
- skulereglane kan gjelde i saker som har skjedd på fritida dersom dei pregar skuledagen for deg eller medelevarane dine.

## §5 RETTANE DINE

Du har rett til å

- ha det trygt og godt på skulen.
- bli møtt med tillit og respekt.
- seie meininga di og bli lytta til.
- delta i skuledemokratiet og få vera med å påverke skuledagen din.
- få god og tilpassa opplæring.
- ha gode arbeidsforhold og eit godt læringsmiljø.
- få omsynet til ditt beste vurdert før det blir tatt avgjerder som du er ein del av.
- få hjelp dersom du strevar med å følgje pliktene slik dei er definert i §6.


## §6 PLIKTENE DINE

Pliktene dine som elev på skulen er å

- bidra til ein god fellesskap og eit godt miljø på skulen.
- møte medelevar, tilsette og andre med vennlegheit og respekt.
- møte til undervisning til rett tid og melde frå dersom du er sjuk.
- ha med utstyret du treng og ha skulesakene i orden.
- følgje med, delta aktivt og gjere ditt beste i opplæringa.
- gjere dei oppgåvene du får og levere arbeid til rett tid.
- følgje beskjedane som du får av dei vaksne på skulen.
- bidra til god arbeidsro for alle elevar og ikkje forstyrre undervisninga.
- bruke PC, nettbrett og programvare kun til undervisning og skulearbeid.
- bidra til å halde inne- og uteområdet ryddig og fritt for søppel.

## §7 ORDEN

Du skal ha god orden. Dette inneber å



- møte presis til skuletimane og andre avtaler.
- ha med bøker og nødvendig utstyr til undervisninga.
- vise god arbeidsinnsats ved å gjere skulearbeid og lekser innan fastsette fristar.
- ta vare på og halde orden i utstyr som blir brukt i opplæringa.
- vere i undervisningsrommet når undervisninga pågår og be om lov dersom du treng å gå ut.
- vere på skulen sitt område i heile skuletida.
- Du skal vere ute når det er friminutt, med mindre det er arrangerte aktivitetar inne eller du har særskilt avtale med ein vaksen.


### §8 ÅTFERD

Du skal ha ei god åtferd. Dette inneber å

- vise omsorg og respekt ved å vere høfleg, venleg og hjelpsam overfor elevar og vaksne på skulen.
- vera ein god skuleven ved å vere inkludrande og ta ansvar for at alle har det bra.
- bidra til god arbeidsro i opplæringa.
- følgje beskjedar frå alle dei vaksne på skulen.
- la ting som ikkje er ditt, vere i fred.
- behandle skulen sitt utstyr, inventar og bygg på ein forsvarleg og respektfull måte.
- følgje reglane som gjeld på skulebussen
  - Du skal sitje i setet heile bussturen.
  - Du skal ha på deg sikkerheitsbelte.
  - Du høyrer på beskjedar frå bussjåføren.
  - Du bidreg til ro, og pratar hyggeleg med dei rundt deg.
  - Du ryddar søppel etter deg og passsar på å få med deg sakene dine.
  - Du bruker stoppknappen berre når du skal av bussen.

Dette er åtferd som ikkje blir akseptert - både på skulen og på digitale flater

- Banning og anna stygg språkbruk
- Krenkande åtferd som å erte eller plage andre, mobbing og trakassering eller å stenge nokon ute
- Hatefulle ytringar. Dette er kommentarar som handlar om andre menneske sin hudfarge og etnisitet, religion og livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet eller funksjonsevne
- Å ta eller publisere bilete, video eller lydopptak av nokon på skulen, skulevegen eller bussen utan at dei har samtykka til det



- Ta, gøyme, stele eller øydelegge ting frå andre eller frå skulen
- Vald eller truslar om vald
- Ta med eller nytte gjenstandar som kan skade personar, bygningar eller inventar.
- Ta med godteri, energidrikk eller kulsyreholdig drikk på skulen
- Ta med eller bruke sigarettar, snus, e-sigarettar, alkohol eller andre rusmiddel
- Hærverk på skulen eller andre sin eigedom
- Juks, plagiat eller ulovleg bruk av kunstig intelligens ved prøver, innleveringar eller anna skulearbeid
- Kjøp og sal er ikkje lov utanom når dette er avtalt med skuleleiinga
- Bruke klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet

### §9 BRUK AV MOBILTELEFONAR OG SMARTKLOKKER


- Skulane i Øystre Slidre skal vera mobilfrie. Dette inneber at telefonen ikkje skal nyttast innanfor skuletida. Skulane samlar inn telefonane ved skulestart, låser dei inn og deler dei ut att ved slutten av skuledagen.
- Dersom foreldre til barn i barneskulen vurderer at barnet treng å ha med seg telefon eller smartklokke med kommunikasjonsfunksjon til og frå skulen, skal skulen ha beskjed om dette ved starten av skuleåret eller når behovet oppstår. Telefonen skal vere i sekken på skulevegen, på bussen og på skuleområdet fram til dei blir låst inn ved skulestart.
- I ungdomsskulen kan mobiltelefonar unntaksvis bli nytta pedagogisk.
- Smartklokker med kommunikasjonsfunksjon eller andre private kommunikasjonsmiddel er likestilt med mobiltelefonar.
- Mobiltelefonar og smartklokker med kommunikasjonsfunksjon er å forstå som ein privat eigendel, som ikkje er nødvendig å ta med til skulen. Ved skade eller tap vil denne ikkje bli erstatta.

### §10 GRUNNLAGET FOR VURDERING AV ORDEN OG ÅTFERD

Korleis du opptrer i samsvar med §7 i skulereglane og lokale reglar er grunnlaget for vurdering i orden.

Korleis du opptrer i samsvar med §8 og §9 i skulereglane og lokale reglar er grunnlaget for vurdering av åtferd.

### §11 TILTAK DERSOM DU BRYT SKULEREGLANE




Som ein del av skulen sin rett til å organisere og leie undervisninga, kan skulen utan heimel i ordensreglementet

- gi tilsnakk eller samtale med enkeltelev eller elevgrupper
- endre plassen din i undervisningsrommet.
- gi deg andre oppgåver.
- be deg levere inn gjenstandar som forstyrrar undervisninga.
- trene heile klassar eller grupper på felles rutiner sjølv om nokon får til å følgje reglane.

Skulane i Øystre Slidre kan nytte desse tiltaka ved brot på ordens- og åtferdsreglane i § 7-9. I ungdomsskulen vil regelbrot bli dokumentert gjennom merknad i skulen sitt administrative system.

- Samtale mellom elev og vaksen på skulen.
- Telefondialog mellom heim og skule
- Møte mellom elev, heim og skule
- Endra friminutt, både tidspunkt og lengde, for samtale med vaksen eller skjerming av andre elevar.
- Inndraging av
  - gjenstandar som forstyrrar arbeidsro eller skulemiljøet, herunder telefonar som ikkje er levert inn. Desse skal gis tilbake innan skuleslutt.
  - farlege gjenstandar. Føresette må hente desse etter avtale med skulen.
  - ulovlege gjenstandar og rusmiddel. Desse blir overlevert politiet.
- Pålagt plassering på buss.
- Følge på buss.
- Alternativ transport til og frå skulen.
- Pålegg om å rette opp skade som du har forårsaka både i og utanfor skuletida. Føresette må da stå for transport til eller frå skulen, og kan bli bedne om å vere med på å rette opp skaden.
- Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigendom eller utstyr vil du og dine føresette bli gjort erstatningsansvarleg etter erstatningslova §1-1 og 1-2.
- Ved stadig brot eller eit alvorleg brot på skulereglane kan skulen inndra tillitsverv du har fått på skulen.
- Byte av gruppe: Rektor kan gjere vedtak om at du må byte klasse eller gruppe for ein periode. Da skal det lagast ein plan som viser kva du skal øve på for å kunne kome tilbake til klassa/gruppa di.
- Bortvisning (oppl. §13-1):
  - Elevar på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen. Foreldre skal få melding før ein elev på 1. til 7. trinn blir vist bort for resten av dagen. Foreldre må hente eleven.
  - Elevar på 8. til 10. Trinn kan visast bort for enkelttimar eller inntil tre dagar.
  - Det er rektor som vedtek bortvising. Tiltaket, uavhengig av omfang, skal ikkje nyttast dersom mindre tiltak er tilstrekkeleg. Rektor kan delegere mynde til



læraren til å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvar for, inntil to timar. Eleven får då same eller andre oppgåver, og det skal gjerast ei konkret vurdering av om eleven treng tilsyn av ein vaksen.

- Pålagt skulebyte (oppl.§13-2)
  - Kommunen kan fatte vedtak om at ein elev må byte skule dersom oppførselsen til eleven går alvorleg ut over tryggheta eller læringa til ein eller fleire medelevar.
- Skulen kan også bestemme at du ikkje får delta på enkelte arrangement dersom brota har vore i nær tid. Da skal skulen ha eit anna opplegg for deg.

## §12 FRAMGANGSMÅTE VED BRUK AV TILTAK ETTER §11

Her er det forklart korleis skulen skal gjere det ved brot på skulereglane.

- Du som elev har rett til å bli høyrte før det blir teke ei avgjerd om tiltak.
- Alle tiltak ved regelbrot skal vera at ein slik art at du som elev forstår kva reglar som er brote og kvifor skulen må reagere på dette.
- I vurdering av tiltak skal regelbrot og tiltak sjåast i samanheng. Det skal bli lagt vekt på alderen din, føresetnadane dine og vilje til å rette opp regelbrotet.
- Kollektive sanksjonar skal ikkje nyttast.
- Fysisk refs eller krenkande handsaming av elevar er ikkje lov.
- Bortvising for ein dag eller meir er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og følgjer forvaltningslova sine reglar for sakshandsaming. Rektor har plikt til å utgreie og opplyse saka på ein god måte og til å informere om kva som er grunnlaget for avgjerda. Du som elev har rett til å bli høyrte i saka. Føresette kan klage på vedtaket.

## §13 SKULEN, TRINNET OG KLASSA SINE EIGNE REGLAR

- Skulen kan fastsette egne reglar som presiserer eller konkretiser reglane i denne forskrifta. Samarbeidsutvalet og elevrådet ved skulen skal få uttale seg før slike reglar blir fastsette.
- Trinnet eller klassen skal i samarbeid med dei vaksne utarbeide egne klassereglar ved starten av skuleåret. Desse skal evaluerast minst ein gong i løpet av skuleåret.
- Lokale reglar for skulen, trinn eller klassen, må vere i samsvar med kommunen sine skulereglar.

## §14 IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft xx.xx.2024.